

Justisdepartementet

S.&FJ.FYLKE 24.OCT. 1938

J.Nr. 11.6053

Jnr 4172 - 38 K.2.

Herr fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Lavik helseheim.

skriv frå herr fylkesmannen dagsett 5. september nå sist.

Ved kgl. resolusjon frå 21. oktober 1938

er det fastsett:

"I samsvar med § 66 i landkommunelova blir godkjent Sogn og Fjordane fylkesting sitt vedtak frå 27. juni 1938 om å gi fylkesutvalet fullmakt til å take opp eit lån stort kr. 65.000.- til ombygging av Lavik helseheim. Lånet skal betaless attende med minst 1/10 årleg. frå opptakinga."

"Fylkestinget har gjort vedtak om pantsetjing av helseheimen til trygd for lånet. Departementet finn at det ikkje er lovleg høve til slik pantsetjing etter at den nye landskommunelova frå 10. juni 1938 i § 54 - jfr. § 96 - nå seier at det berre er inntektsbringande eigedom som kan setjess i pant. Helseheimen har nokk inntekter av "dagpengar", slik at fylket ikkje ytar noko% til den daglege drifta. Men alle renter og avdrag må dekkjess på fylkesbudgettet heilt <sup>ut. Ein meiner</sup> da at helseheimen ikkje kan kallas inntektsbringande eigedom eller anlegg.

I skriv dagsett 5. oktober nå sist seier Socialdepartementet:

" - - Man finner å kunne gå med på at der til renter og avdrag på det omhandlede lån til utvidelse av Lavik helseheim inntil videre disponeres de nødvendige beløp av fylkets

fremtidige andeler i avgiftene i henhold til alkohollovens § 33.

Det er departementets forutsetning at planene for utvidelser først blir godkjent av Medisinaldirektoratet."

Hin viser til dette.

Hin legg ved nokre teikningar.

Oslo den 21. oktober 1938.

Trygve Lie.

H.6053/38

Gjeng til hr.fylkeslækjaren til vitring og vidare kunngje-  
ring. Eg hev gjort upptak til aa faa laan. Det kann verta vanskeleg  
etter den stilling departementet tek til pantsetjingi.

Fyrr laanet er greiddt ,maa ikkje noko arbeid setjast igang.

Sogn og Fjordane fylke, den 24. oktober 1938.

*Handwritten signature*

*Sindes hr. de Thun Ogen i Lule*

*Sydel 26/10/38*

*hvd, Tunde*